




Fiskeri- og kystdepartementet

Postboks 8118 Dep
0032 OSLO




Høyring - forslag til endring av forskrift om løyve til akvakultur for laks, aure og regnbogeaure (laksetildelingsforskrifta)

Vi viser til brev frå departementet dagsett, 12.november 2010. Fylkesrådet i Nordland handsama saka i møte 29.november. Fylkesrådet fatta slik vedtak i saka:

1. Fylkesrådet i Nordland er positive til tiltak som kan fremje ei bærekraftig og rasjonell utvikling av havbruksnæringa i Nordland. Tiltak som i særleg grad kan stimulera til auka foredling og større lokal verdiskaping, vært helsa velkomen.
2. Fylkesrådet viser til fylkestings sak 147/09, om interregionalt biomassetak for verksemd som vidareforedlar ein vesentleg del av eigen oppdrettsfisk. Fylkestinget slutta seg til denne tilrådinga og bad samstundes Fiskeri- og kystdepartementet om å utgreie tiltak som kan føre til ytterlegare auka foredlingsgrad og sysselsetting i oppdrettsnæringa.
3. Forslaget om å utvida tilgongen til å gjennomføre samlokalisering for verksemd som er innvilga interregionalt biomassetak, kan være fornuftig, men bør sjåast i samanheng med den generelle tilgongen som verksemd har til å knyta løyve til ei bestemt mengd lokalitetar. Ut frå omsynet til likebehandling, bør §34 i laksetildelingsforskrifta utformast slik at den same tilgongen gjeld for alle verksemd som har to eller fleire løyve.
4. Fylkesrådet vil samstundes understreka at ordninga med samlokalisering, slik den går fram av §34 og §37 i laksetildelingsforskrifta, bør revurderast med sikte på å oppnå ei forenkling av adgangen til å knyta løyve til bestemt lokalitet. I regelen bør det være slik at den ein skilde verksemda bør få knyta alle løyve til dei lokalitetar som verksemda har fått klarert. Det bør ikkje være nødvendig å søkje særskilt om endring av selskapets lokalitetsstruktur for å få godkjent nye lokalitetar. Fylkesrådet viser her til at når verksemd gjennom driftsplan kan dokumentera behov for nye lokalitetar, bør det være ei rimeleg mulegheit til å få godkjend ny lokalitet.

Med venleg helsing


Jørn Sørvig

Nærings- og regional utviklingssjef